

Alsaker Fjordbruk AS

5694 ONARHEIM

**Vår dato:** 10.04.2024

**Vår ref.:** 202316146-7 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:**

**Saksbehandlar:**

Bård Ottesen

## **Alsaker Fjordbruk AS får løyve til endra plassering av inntaksdam i Onarheimselva, Tysnes kommune i Vestland**

NVE har mottatt søknad frå Alsaker Fjordbruk AS datert 16.10.2023 om løyve til endra plassering av inntaksdam for settefiskanlegget ved Onarheim.

### **Om søknaden**

NVE gav Alsaker Fjordbruk løyve til regulering av Onarheimsvatnet og uttak av vatn frå Onarheimselva til settefiskproduksjon den 28.05.2018. NVE har etter det gitt tre år forlenga frist for oppstart til 28.05.2024 vedtatt 28.05.2021. Det vert i dag teke ut noko vatn til eksisterande rognkjeksproduksjon, men det er planlagt å etablere et nytt anlegg til produksjon av settefisk og postsmolt. Vestland fylkeskommune gav den 26.09.2019 akvakulturløyve (H-T-29, lokalitet 39 977 Onarheim II).

### Ny inntaksdam

I vassdragskonsesjonen av 28.05.2018 skulle eksisterande inntak og dam på kote 14 nyttast. Den gjeldande konsesjonen inneheld krav til kontinuerleg måling av uttak av produksjonsvatn og slepp av minstevassføring. I tillegg er det stilt krav til å sikre inntaket med ålegitter og til sikker ålepassasje både opp og ned. Desse vilkåra inneber konstruksjonar som ikkje er mogleg å få plass til innanfor rammene av den eksisterande dammen. Alsaker Fjordbruk ynskjer også ein dam med større volum og to separate inntak for å sikre sikker vasstilførsel til settefiskanlegget. Det er difor no planar om å rive den gamle dammen og bygge ein ny dam litt lenger opp i elva.

Det er ein naturleg terskel i terrenget på kote 18. Det er no søkt om å bygge ein høgare dam, slik at ein demmer opp vatnet til denne kotehøgda. Då vil ein få eit reguleringsvolum på ca. 570 m<sup>3</sup>. Eksisterande dam ligg på kote 14, og gjev i dag eit oppdemt volum på ca. 200 m<sup>3</sup>. Det er ikkje planlagt regulering, men ein fast vasspegel på kote 18 tilpassa driftsbehova i nytt anlegg. Den nye dammen vil gjere det mogleg å etablere arrangement for måling og slepp av minstevassføring, samt sikker ålepassasje både opp og ned.

Det er planlagt å etablere ein 95 meter lang driftsveg til inntaksdammen frå Fjellvegen (Fv 5078). Den midlertidige vegen vert bygd på same stad som ein eksisterande traktorveg. Vegen skal revegeterast som køyresterkt terreng etter anleggsfasen.



### Ny vassveg

Det er også søkt om ei endring av eksisterande vassveg. Dette fordi det skal byggast eit nytt postsmoltanlegg lenger sørvest på motsett side av elva (lokalitet Onarheim II). Sjå vedlagt teikning 105 for planlagt og eksisterande vassveg.

Det er planlagt å legge Ø500 PE-røyr nedgrave i grøft på heile strekninga. Noverande vassveg går frå inntak på austsida og ned til det tidlegare postsmoltanlegget på motsett side (austsida) av elva. Øvre del av dette røyret vert fjerna og det skal etablerast eit nytt påkoplingspunkt etter vassmålaren i inntaket på austsida. Dette røyret kryssar elva nedstraums dam. Kryssing av elva skal ha god overdekning og skal erosjonssikrast. Etter elvekryssinga vert røyra lagt i felles grøft ned til eksisterande parkeringsplass ved fylkesveg 5076, og vidare til nytt postsmoltanlegg. Trasé for røyrkata frå inntak til parkeringsplass er ca. 142 m lang.

### **Høyring**

Søknaden er handsama av NVE etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden har vore på høyring til dei som gav uttale til konsesjonssøknaden i 2018.

**Tysnes kommune** har gjort følgjande vedtak i Formannskapet 22.02.2024:

#### **«Vedtak**

*Tysnes kommune har vurdert søknaden å vera i samsvar med og innanfor føremåla i Alsaker Fjordbruk AS – reguleringsplan for gnr.152 bnr. 99 – Onarheim.*

*Tysnes kommune er positiv til søknaden»*

**Statsforvaltaren i Vestland** skriv følgjande i brev av 21.01.2024:

#### **«Vår vurdering**

*Flyttinga av dammen vil kunne auke den sjøauførande strekninga i høve til i dag, og tilbakeføre noko av strekninga som blei stengd av den eksisterande dammen. Vi legg til grunn at det gamle damanlegget skal fjernast, sjølv om det ikkje omtalt i søknadstilfanget utover så vidt å vere nemnd i den fiskefaglege utgreiinga (Biota, rapport nr. 9, første avsnitt på side 8). Her er det vidare omtalt korleis opplagra gytesubstrat i dammen bør handterast, for å kunne tilførast den sjøauførande strekninga. Det er òg foreslått å etablere nokre habitattiltak og reetablere kantvegetasjon, for å skape skjul og næring for fisk.*

*Sjølv om planlagt flytting vil vere positivt for sjøaufroduksjonen, vil òg den nye tiltaksdammen stenge for oppvandring til det naturlege vandringshinderet. Kartet i figur 5 i fiskerapporten viser at det er eit vandringshinder i sideløpet vest for eksisterande dam som truleg kan passerast ved gitte vassføringar. Frå innløpet til dette sideløpet er det om lag 30 - 40 meter opp til fossen som er det naturlege vandringshinderet. Den nye fiskeutgreiinga har som nemnd foreslått habitattiltak på den sjøauførande strekninga, og vi ber om at dette blir følgt opp med vilkår i den nye konsesjonen.*



*Det er omtalt i søknaden at oppstraums og nedstraums vandring av ål skal sikrast i tråd med føringar i konsesjonen. Vi legg til grunn at det blir nytta fiskefagleg kompetanse òg i anleggsfasen, for habitattiltaka for ål og sjøaure/laks.*

*Vi legg generelt til grunn at det blir stilt krav om at det nye damanlegget blir bygt med minst moglege nye naturinngrep, og at tiltaka blir tilpassa landskapet så godt som råd. Dette inneber bruk av eksisterande infrastruktur der det er mogleg, og at området blir sett godt i stand att etter anleggsperioden, i tråd med moderne prinsipp for terrengtilpassing og bruk av den naturlege frøbanken.*

*Det nye damanlegget blir fire meter høgare enn den eksisterande dammen, og illustrasjonen i søknaden viser at den vil bli godt synleg, mellom anna frå veggen og frå kyrkja. Vi har ikkje noko grunnlag frå planendringssøknaden til å kunne vurdere om den nye dammen, som skal plastrast, likevel vil bli oppfatta som meir «nedtona og dempa», slik tiltakshavar har vurdert.*

*Det eksisterande anlegget kunne byggjast utan ny vegtilkomst, medan det no må etablerast ein mellombels anleggsveg. Denne vil følgje eit eksisterande køyrespor, og vil ikkje føre til store nye inngrep, om tilbakeføringa til køyresterkt terreng skjer i tråd med dei generelle prinsippa vi har omtalt ovanfor.*

*Flaum- og skredfare er omtalt i planendringssøknaden. Vi legg til grunn at tekniske installasjonar blir plasserte slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdier.*

*Vi minner om § 7 i forureiningslova om å unngå forureining. Vi legg vil til grunn at stein- og jordmassar blir handtert i tråd med regelverket slik det går fram av Miljødirektoratets rettleiar M- 1243. Betongavfall må handterast i tråd med kap. 14 A i avfallsforskrifta.»*

## **NVE si vurdering**

### *Planendring*

NVE har vurdert at endra plassering for inntaksdam og ny vassveg skil seg såpass mykje frå opphavelog løysing, at ny plan må avklarast nærare med tanke på verknad ovanfor allmenne interesser. Saka er difor sendt til høyringspartar som gav uttale til konsesjonssaka i 2018 slik at dei er kjend med planane og har moglegheit til å uttale seg. Søknaden vert behandla som ei planendring i forhold til løyve av 28.05.2018.

Planendringa som vert vurdert er ny inntaksløysing og vassveg fram til nytt settefiskanlegg. NVE kan gi løyve til endring i medhald av vassressurslova § 8.



## *Naturmangfald*

Den nye inntaksdammen vil som den gamle utgjøre eit vandringshinder for sjøaure og ål. I samband med tiltaket har Biota Naturkompetanse gjort fiskeundersøkingar og sett opp forslag til avbøtande tiltak i Onarheimselva.

Statsforvaltaren har ingen større merknader til etablering av ny inntaksdam. Dei stiller seg positiv til dei habitattiltaka som er foreslått på sjøaureførande strekning, og ber om at desse tiltaka blir følgt opp med villkår i den nye konsesjonen. Dei legg til grunn at det vert nytta fiskefagleg kompetanse også i anleggsfasen, for habitattiltaka for ål og sjøaure/laks. Statsforvaltaren legg til grunn at det gamle damanlegget skal fjernast som nemnd i rapporten, sjølv om det ikkje omtalt i søknaden.

NVE er samd med Statsforvaltaren i at dei avbøtande tiltaka med utlegging av gytegrus og habitatforbetrande tiltak vil betre forholda for sjøaure. NVE set ikkje nye villkår knytt til tiltak for sjøaure, men føreset at dei avbøtande tiltaka som er nemnd i planen vert gjennomført.

Avbøtande tiltak for å sikre vandringsvegen for ål, som er gitt i bakgrunn for vedtak av 28.05.2018, vert ikkje endra. Dei avbøtande tiltaka er vidare skildra i detaljplanen og i rapport frå fiskebiolog.

Utanom ål er det ikkje registrert raudlista artar eller naturtypar som vert påverka av planendringa. NVE vurderer at planendringa ikkje vil påverke allmenne interesser knytt til biologisk mangfald.

NVE føreset at det gamle damanlegget og vassveg som ikkje skal nyttast vidare vert fjerna.

### **Landskap og brukarinteresser**

Inntaksdammen vil ha fast vasspegel på kote 18. Dammen er synleg frå vegen og frå kyrkja på lik linje som den eksisterande dammen. Den nye dammen er høgare i terrenget. Ny dam vert plastra på nedstraums side. I søknaden blir det vist til at plastring av dammen vil gjere at den går meir i eitt med landskapet rundt og vil framstå som meir «nedtona og dempa». Flaumvegg, tørr- og våtkammer vil bli tilpassa terrenget, og vil i stor grad bli nedgrave. Gangbru over til midten av dammen vil bli lagt så lågt som mogleg ned i terrenget.

Det er planlagt å etablere ein 95 meter lang driftsveg til inntaksdammen. Vegen skal følgje same trase som eksisterande traktorveg frå Fjellvegen (Fv 5078). Vegen skal revegeterast som køyresterkt terreng etter anleggsfasen.

NVE vurderer at planendringa i liten grad vil påverke landskapet og brukarinteresser knytt til nedre del av Onarheimselva.

### **Andre forhold**

For vurdering av andre forhold viser vi til løyve frå NVE av 28.05.2018



## Konklusjon

**NVE gjev løyve til at Alsaker Fjordbruk AS i tillegg til løyve av 28.05.2018 kan endre plassering av inntaksdam i Onarheimselva, og endre vassveg fram til settefiskanlegget. Løyve er gitt i medhald av vassressurslova § 8.**

**Løyvet blir gjeve på følgjande nye føresetnadar. Føresetnadane kjem i tillegg til føresetnader i Bakgrunn for vedtak av 28.05.2018:**

Inntak	<p>Det skal byggast ny inntaksdam på ca. kote 14 (like ovanfor den gamle) med overløp på kote 18.</p> <p>Teknisk løysing for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast av NVE.</p> <p>Det gamle damanlegget skal fjernast.</p>
Vassveg	<p>Det skal leggest to nye Ø500 røyr frå ny inntaksdam fram til nytt postsmoltanlegg. Dammen har to inntak, som vert samla i ei felles grøft på sørvestleg side av Onarheimselva, like nedstraums inntaket.</p> <p>Planlagt røyrtrase vert kopla på allereie lagt røyrtrase (Ø500 mm) lagt mot postsmoltanlegget, jf. teikning 105.</p> <p>Vassveg/røyr som ikkje skal nyttast skal fjernast.</p>
Veg	<p>Det skal etablerast mellombels anleggsveg i samband med utbygginga. Veggen skal følgje same trase som eksisterande traktorveg frå Fjellvegen (Fv 5078), jf. teikning 105. Veggen skal tilbakeførast til køyresterkt terreng etter utbygging.</p>
Avbøtande tiltak	<p>Det skal gjennomførast habitatforbetrande tiltak for sjøaure med utlegging av gytegrus som skissert i Biota rapport nr. 9.</p> <p>Opp- og nedvandring av ål skal sikrast i tråd med føringar i konsesjonen og rapport nr. 9 frå Biota.</p> <p>Det skal nyttast best mogleg fiskefagleg kompetanse for utforming og utføring av habitattiltak for ål og sjøaure, og for utforming av sikker ålepassasje både opp og ned forbi dammen</p>



## **Om klage og klagerett**

Sjå vedlegg om rett til å klage.

Med helsing

Carsten S. Jensen  
konsesjonsansvarleg

Gry Berg  
seksjonssjef

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner*

Vedlegg: Teikning 105 Arealbruksplan  
Orientering om rett til å klage

### **Mottakarliste:**

Alsaker Fjordbruk AS

### **Kopimottakarliste:**

Tysnes kommune

STATSFORVALTAREN I VESTLAND







## Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: <ul style="list-style-type: none"><li>• Skrive kva for vedtak du klagar på.</li><li>• Skrive kva for eit resultat du ønsker.</li><li>• Opplyse om du klagar innanfor fristen.</li><li>• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen.</li></ul> I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.